

FAU & SU
v/Hafslo barne- og ungdomsskule

Hafslo 20.11.14

Til
Luster kommune

Innspel frå foreldra sitt arbeidsutval(FAU) & samarbeidsutvalet(SU) ved Hafslo barne- og ungdomsskule vedrørande bibliotektenesta i Luster kommune.

Hovedinntrykket er positivt, i alle fall sett fra barne-/skuleperspektiv. Det kan virke dramatisk å gjere om 3 folkebibliotekavdelingar til Oppvekstbibliotek, men det er truleg ein realistisk veg å gå. Det er flott at Luster prioriterer lesing og bibliotek til barn og unge, og at planen omfattar både barnehage, skule og folkebibliotek. At den lokale leseplanen som nå blir brukt i barnehagane og i skulane, blir satt i samanheng med bibliotekplanen, meiner vi også er svært positivt.

Det er gledelig at også satsing på formidling av nynorsk litteratur er spesielt nemnt i planen. Det kan være relevant å nevne at barnehagelærerutdanningen ved Høgskulen i Sogn og Fjordane er i gang med eit prosjekt i samarbeid med Nynorsksenteret ("Barnehagelærarstudenten som formidlar av nynorsk litteratur"). Dette er spesielt retta mot barnehagelærarstudentar som er ute i praksis. Kanskje det kan vere noko i dette prosjektet som kan brukast inn mot bibliotekplanen i Luster.

I høve til moglege manglar ved planen, er det viktig at det vidare blir arbeida med å få til klare avtalar om ansvars- og oppgåvefordeling. Det blir mange aktørar involvert, og det kan fort bli svært uoversiktleg kven som gjer kva.

Det er også svært viktig at det føl tilstrekkeleg med stillingsressursar i planen, og at de som har stillingar i oppvekstbiblioteka, har nødvendig kompetanse. Vi klarer heller ikkje heilt å sjå at det står noko tydeleg om kva skulane og barnehagane skal gå inn med av ressursar. Det er også noko uklart om det er snakk om ein 50%-stilling samla til alle oppvekstbiblioteka? I tilfelle høyrer dette svært lite ut, og om dette i tilfelle er ein stilling som skal lokaliserast til folkebiblioteket i Gaupne.

På vegne av
FAU & SU - Hafslo barne- og ungdomsskule

Wenche Sollid

Britt Brugrand

-leiar FAU-

-leiar SU-